



NØDVARSEL



Samtalerettleiing

Denne samtalerettleiinga er eit hjelpemiddel til tillitspersonar og pårørande som hjelper med å formidle budskapet til sårbare grupper. Hensikta er å gi svar på spørsmål som både pårørande og personar i ulike sårbare grupper kan ha om Naudvarsel.



POLITIET



SIVILFORSVARET

Om sårbare grupper

Sårbare grupper er personar som av ulike grunnar ikkje har føresetnader for å ta imot informasjon via ordinære kommunikasjonskanalar og kampanjar. Dette kan vere barn og unge, personar med låg teknologisk kompetanse, personar med ulik grad av kognitive utfordringar, personar med alvorlege rusproblem, alvorleg psykisk sjuke, personar med låg grad av tekstleg forståing, personar med låg grad av tillit til styresmaktene, eller personar som ikkje forstår nokon av dei meir enn 20 språka informasjonen er omsett til.

Alle spørsmåla under er ikkje relevante for alle i dei ulike sårbare gruppene. Dersom du har innspel til spørsmål og svar du meiner bør takast med i denne samtalerettleinga, må du gjerne sende oss ein e-post på henriette.magnussen@dsb.no

Kva er Naudvarsel?

Naudvarsel er eit system som raskt kan sende ut ein viktig beskjed til mange mobiltelefonar dersom det skjer noko alvorleg. Beskjeden kjem frå politiet eller Sivilforsvaret, og betyr at det skjer noko alvorleg som du må vite om.

Når får eg naudvarsel?

Naudvarsel skal brukast til å varsle om alvorlege og akutte hendingar som kan true liv og helse. Døme på slike hendingar kan vere:

- Radioaktivt utslepp (ev. utslepp av stoff eller gassar som kan vere farlege å puste inn)
- Storbrann med eksplosjonsfare
- Omfattande terrorangrep mot fleire stader
- Angrep mot Noreg / fare for krig


Kven kan få naudvarsel?

Dei fleste nyare telefonar kan ta imot naudvarsel. Du treng ikkje ein eigen app eller å registrere deg for å ta imot naudvarsel, men telefonen må vere oppdatert med nyaste programvare. I tillegg må du ha dekning med 4G eller 5G. Naudvarsel bruker ikkje av datakvoten din og kostar ingenting å ta imot.

Korleis ser/høyrest naudvarsla ut?

Telefonen vibrerer og spelar av ein høg, sireneaktig lyd. Det kjem opp ein kort tekst på skjermen som fortel deg kva som skjer, og kva du bør gjere. Dersom telefonen din støttar tekst til tale, kan du få lest opp meldinga. Når du får eit naudvarsel, skal du stoppe opp, lese eller lytte til varselet, og gjere det som står der.

Slik kan ein test av naudvarsel sjå ut:



Korleis veit eg om det berre er ein test, eller om det er eit ekte varsel?

Dersom det er ein test, vil det stå tydeleg i meldinga. Testar blir dessutan varsla om i god tid, og finn vanlegvis stad kl. 12:00 den andre onsdagen i januar eller den andre onsdagen i juni.

Kvifor kjem dette no?

Vi har allereie system for å varsle alle som bur i Noreg, viss det skulle oppstå ei krise. Du har kanskje høyrte når vi testar tyfonane (flyalarmen)? Om lag halvparten av alle som bur i Noreg, høyrer denne alarmen. Framover skal vi i tillegg sende ut eit varsel på mobiltelefon, slik at endå fleire får beskjed dersom det skulle skje noko alvorleg.

Er det farleg? Er eg i fare?

Å få eit testvarsel er ikkje farleg. Det betyr berre at vi testar systemet og sjekkar at det fungerer som det skal. Du treng ikkje å gjere noko dersom du får eit testvarsel.

Får du derimot eit reelt naudvarsel (ikkje ein test), er det fordi noko kan vere farleg. Då må du lese meldinga og gjere det som står der.

Kva gjer eg dersom det kjem eit naudvarsel?

Dersom du får eit naudvarsel på telefonen, må du lese meldinga og gjere det som står der. Råda om kva du bør gjere, varierer frå situasjon til situasjon. Du kan sjå døme på råd på nødvarsel.no.

Dersom du ikkje forstår meldinga, kan du sjå om det blir skrive eller sagt noko i media (nettavis, TV, radio). Bruk gjerne skjermlesar dersom du ikkje kan lese. Du kan også kontakte nokon som kan forklare meldinga til deg. Det kan vere ein vaksen, ein pleiar/støttekontakt eller annan person du stoler på. Alle varsel som blir sende ut, blir også lagde ut og kan lesast på nødvarsel.no. (Dette betyr at også dei som ikkje har fått varselet sjølve – til dømes fordi dei oppheld seg utanfor området som har fått varsel – kan gå inn og lese varselet).

Kva gjer eg dersom det kjem eit naudvarsel medan eg er aleine?

Det er lurt å ha avtalt på førehand med foreldre/tillitspersonar kva ein gjer dersom ein ikkje får kontakt med kvarandre. Kanskje de kan ha ein avtale om å møtast heime eller hos nokon andre i familien?

Korleis veit eg når ting er trygt att?

Dersom du får eit naudvarsel om noko akutt og alvorleg som skjer i nærleiken, får du eit nytt varsel når situasjonen endrar seg og/eller faren er over.

Kan man skru det av / reservere seg mot det?

Det er ikkje mogleg å skru av varsel om dei mest alvorlege hendingane. For mindre alvorlege hendingar er det derimot mogleg å skru av varsling. Dette gjer du ved å endre oppsett i innstillingane på telefonen. Framgangsmåten står i brukarretteleinga som følgde med telefonen, og kan variere for dei ulike telefonmodellane. På dei fleste telefonar går du til innstillingane for varslingar og/eller naudvarsel.

Eg har ein telefon som ikkje kan ta imot naudvarsel. Korleis får eg då beskjed?

Naudvarsel på mobil er eit *tilllegg* til andre former for varsling av folkesetnaden. Ved ei ordentleg krise vil informasjon bli gitt både via tradisjonelle nyheitsmedium, radio og sosiale medium. Ved store og alvorlege hendingar vil også tyfonanlegget bli teke i bruk.

Eg forstår ikkje tekst som kjem på norsk/engelsk. Kva gjer eg når eg får eit naudvarsel?

Då må du kontakte nokon som kan forklare varselet til deg. Alle kan gå inn på nødvarsel.no og lese varsla som er sende ut, sjølv om dei oppheld seg utanfor området som varsla gjeld.

Ein høg varslingslyd er ikkje bra for meg (til dømes grunna angst, PTSD, sterk autisme eller lydsensitivitet).

For ikkje å få varselet må du skru av telefonen heilt. Det hjelp ikkje å skru ned lyden eller setje på lydlaus. Eit alvorleg naudvarsel vil kome med høg lyd og vibrering sjølv om telefonen er i stillemodus eller lyden er stilt ned.

Testane av systemet blir vanlegvis utførte på ein onsdag kl. 12:00 i midten av januar og midten av juni, og vil vere varsla god tid i forkant. Dersom du har låg toleranse for lyd, bør du skru av telefonen heilt eller leggje han i eit anna rom når systemet blir testa.

Eg har eit SIM-kort frå eit anna land enn Noreg. Vil eg også få varsel?

Ja, alle telefonar i norske mobilnett får varsel. Naudvarsla blir gitt på både norsk og engelsk.

Kva gjer eg dersom eg ved eit uhell trykkjer bort meldinga før eg har fått lest henne?

Naudvarsel blir alltid lagde ut også på nodvarsel.no. I ein krisesituasjon vil dessutan alle nyheitsmedium melde om det same, og NRK har eit eige ansvar for å varsle om kriser.

Korleis veit eg at det ikkje er nokon som prøver å lure meg?

Ikkje trykk på lenkjer der du er usikker på kor du hamnar. Dersom du er i tvil om meldinga er ekte, anbefaler vi at du går til nodvarsel.no eller eit nyheitsmedium du stoler på. Du treng aldri oppgi personleg informasjon for å få tilgang til nodvarsel.no.